

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested:	Digitalt via Teams
Dato:	30.11.2020
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til undertteikna eller til Eldrid Nedrelo.
Vararepresentanter møter berre etter nærare beskjed.

I samråd med styreleiar blir det denne gongen møte via Teams, ut ifrå dei generelle smittevernråda om å unngå unødige reiser og fysiske samlingar når det ikkje er heilt nødvendig.

Møteinnkalling med lenke til møtet blir sendt som innkalling i outlook.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Telefon: 61 26 62 03
Mobil: 948 80 564
E-post: FMOPKSV@fylkesmannen.no
Web: www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen/

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 36/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden. Val av medlem til å skrive under protokollen		
ST 37/2020	Referatsaker		
RS	Utladalen landskapsvernområde - Møte med Årdal kommune - Vettisvegen, informasjonsskilt og Koldedalsvegen		2020/9971
RS	Utladalen landskapsvernområde - Motorisert ferdsel på Vettisvegen - Behov for klargjering av reglar		2020/9971
RS	Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein		2020/3680
RS	Underretning til klager - ulovlig dronefilming	X	2020/5243
RS	Tiltak mot økt snusforsøpling		2020/2324
RS	Bessegggløpet - rapport 2020		2020/1332
RS	Svar på innspel - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - revisjon av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel m.m.		2019/16144
RS	Nasjonalparkkonferansen 2021 - NP-konferansen som webinar		2020/12871
ST 38/2020	Delegerte vedtak		
27/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Motorbåt - Demontering av midlertidig bru over Blåtjønna - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn		2020/10853
28/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2020 - Endring av helikoptertransport til scooterløyve, gbfnr. 215/1/10 - transport til naust ved Rundhaugtjønne i Luster - Sognefjellshytta v/ Råmund Mundhjeld		2019/18592
29/2020	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - motorferdsel 2021-2025 - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening		2020/12277
ST 39/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Forslag til organisering av prosjekt og samarbeid		2019/12439
ST 40/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Disponering av tiltaksmidler 2020		2019/19735
ST 41/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2021		2020/12154
ST 42/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Retningslinjer for kommersiell bruk av merkevaren Jotunheimen nasjonalpark		2020/12475
ST 43/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Løyve til bruk av kommersielt merke Jotunheimen - Gjendeguiden		2020/12479

ST 44/2020 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon -
Motorferdsel - 2020 - 2023 - Vetti Gard Turiststasjon

ST 45/2020 Eventuelt

2020/9992

**ST 36/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden.
Val av medlem til å skrive under protokollen**

ST 37/2020 Referatsaker

Utladalen landskapsvernområde - Møte med Årdal kommune - Vettisvegen, informasjonsskilt og Koldedalsvegen	2020/9971
Utladalen landskapsvernområde - Motorisert ferdsel på Vettisvegen - Behov for klargjøring av regler	2020/9971
Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein	2020/3680
Underretning til klager - ulovlig dronofilming	2020/5243
Tiltak mot økt snusforsøpling	2020/2324
Besseggløpet - rapport 2020	2020/1332
Svar på innspel - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - revisjon av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel m.m.	2019/16144
Nasjonalparkkonferansen 2021 - NP-konferansen som webinar	2020/12871

ST 38/2020 Delegerte vedtak

27/2020

Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Motorbåt - Demontering av midlertidig bru over Blåtjønnåe - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn 2020/10853

28/2020

Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2020 - Endring av helikoptertransport til scooterløyve, gbfnr. 215/1/10 - transport til naust ved Rundhaugtjønne i Luster - Sognefjellshytta v/ Råmund Mundhjeld 2019/18592

29/2020

Delegert vedtak - Jotunheimen NP - motorferdsel 2021-2025 - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening 2020/12277

Arkivsaksnummer:	2019/12439-17	Saksbehandlar:	Eldrid Nedrelo	Dato:	23.11.2020
------------------	---------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	39/2020	30.11.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Forslag til organisering av prosjekt og samarbeid

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vedtek å følgje modellen for organisering av. arbeidet med Utsiktspunkt Vettisfossen slik det følgjer av framlegget i saksutgreiinga.

Samarbeidsavtalen med konkretisering av prosjektet skal leggjast fram for signering av styreleiar i Utladalen Naturhus.

Ledige midlar som følgje av coronasituasjonen blir overført til prosjektet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Nasjonalparkstyret, sak 9/2020 og 34/2020, med tilhøyrande bakgrunnsdokument.
- Miljødirektoratet - Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025.
- Arbeidsutvalet – sak 5/2020 – Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Tiltaksmidlar Utsiktspunkt Vettisfossen – Forslag til organisering av prosjekt.
- Svar på invitasjon til samarbeid frå Utladalen Naturhus, datert 19.11.2020.
- Tilbakemelding om deltaking i prosjektet frå Årdal kommune, e-post av 18.11.20

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret har i sak 9/2020 prioritert tiltaksmidlar i 2020 til forprosjekt nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen. I møtet 8. september hadde ein under behandlinga av sak 34/2020 også ein kort diskusjon på moglege løysingar for finansiering av tiltaket. Ei prosjektorganisering med involvering av Utladalen Naturhus vart skissert som ei mogleg løysing. Dette vart gjort ut frå føringane som Miljødirektoratet har sett for tiltak av denne typen i sin *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*:

Finansiering av større tilretteleggingstiltak

Midler til opprettelse av installasjoner som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplasser i tilknytning til verneområder, må være forankret i en godkjent besøksstrategi for å kunne bli prioritert. Tiltaksmidler kan brukes til (primært å delfinansiere) gjennomføring av denne typen tilrettelegging, og søknader til slike anlegg skal være godt begrunnet med bl.a. informasjon om besøkstall og eksisterende bruk av området.

Nasjonalparkstyret har i AU sak 5/2020 gjort vedtak om å invitere Utladalen Naturhus til eit samarbeid for å sikre og utvikle utsiktspunktet ved Vettisfossen. I vedtaket er det presisert at eit forslag til samarbeidsavtale med konkretisering av prosjektet blir lagt fram for godkjenning i nasjonalparkstyret den 30 november.

Utladalen Naturhus gjev i brev datert 19.11.2020 dette svaret på invitasjonen til samarbeid:

I styremøte den 9. november 2020 godkjente styret i Utladalen Naturhus at prosjektleiaren i

Naturhuset tar ei rolle som koordinator og drivar av prosjektet i samarbeid med forvaltarane i Jotunheimen og Utladalen.

For at prosjektleiarane ved Naturhuset skal kunna bidra inn i prosjektet er vi avhengig av at stiftinga har midlar til det. Naturhuset har søkt Årdal kommune om prosjektstønad for dei to neste åra. Vi gir tilbakemelding så fort vi får svar på søknaden.

Vennleg helsing

Stiftinga Utladalen Naturhus

v/ styreleiar Torunn Todal Laberg

Vurdering

Utsiktsplattform Vettisfossen - Tilrettelegging og sikring - ytre rammer

Plattforma ved Vettisfossen var etablert før området vart verna, og i 2002 og 2009 vart det utført reparasjonar av installasjonen. Rampa og gjerdet ut mot Utladalen er i ei slik forfatning at innretningane enten må fjernast eller erstattast av eit nytt anlegg. Vettisfossen har slik attraksjonskraft at ein ser fjerning som heilt uaktuelt. For å gjera området sikrare og for å førebygge skader på vegetasjon og terreng må det settast i verk tiltak. Aktuelt tiltak er av ein slik karakter at ein ser for seg behov for eit spleiselag mellom fleire partar.

I 2019 var Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen på synfaring til utsiktsrampen ved Vettisfossen saman med representant for grunneigar, Statens naturoppsyn og Utladalen Naturhus for å vurdere tilstanden på gjerdet og utsiktsrampen og behovet for vedlikehald/oppgradering. Etter synfaringa i 2019 var det semje om følgjande:

- Det er nødvendig med utskifting av stolpar og treverk som er i ferd med å rotne, ikkje noko kan brukast oppatt og alt må skiftast ut.
- Det bør engasjerast arkitekt/landskapsarkitekt for utarbeiding av eit skisseprosjekt som grunnlag for søknad om tiltaksmidla. Rammer for oppdraget er å innordne seg vedteken designmanual i materialval og design, og at utstrekning av nytt anlegg i hovudsak held seg innan ytre rammer for det eksisterande anlegget.
- Ei utsiktsplattform som går ut over kanten kan vera meir praktisk, for å hindre at folk går på utsida av gjerdet for å få beste biletet av fossen.
- Det er behov for geolog/geoteknikkar for vurdering av fjellkvalitet og forankring ute på (evt. ut over) kanten. Det vart engasjert geolog av Årdal Utvikling (Å. U.), og denne rapporten bør gjerast tilgjengeleg for å kunne vurdere behovet for eventuelle vidare utgreiingar.
- Gjerde/vaier langs stien opp frå Vetti bør også oppgraderast som deltiltak av prosjektet *Utsiktspunkt Vettisfossen*.
- Eventuelle tiltak skal gjennomførast i nær dialog med grunneigar.

Innanfor den løyvde ramma for tiltak utsiktspunkt Vettisfossen er det gjennomført synfaring med arkitekt/landskapsarkitekt for å få innspel gjennom eit enkelt moglegheitsstudium på kva ein kan få til med tanke på dei gjevne vilkåra ovanfor. Dronninga landskap, ingeniør frå DIFK, grunneigar, Utladalen Naturhus, Statens naturoppsyn og forvaltarane var på synfaring den 23. oktober. Erfaringane frå synfaringa vil danne grunnlag for eit skisseframlegg til oppgradering av anlegget ved Vettisfossen, inkl. vurdering av kostnadsomfang frå Dronninga landskap og ingeniør frå DIFK.

Grunneigar er positiv til oppgradering av utsiktspunktet, men dei ønskjer ikkje noko stort byggverk eller tilrettelegging for opphald ut over ein trygg plass for å nyte utsikta og ta ein kort rast. Grunneigar er oppteken av behovet for utskifting av anlegget som er der i dag med tanke på sikring mot kanten. Dei meiner utstrekninga av eit nytt anlegg bør halde seg innan ytre ramme for det eksisterande anlegget, og det er ikkje ønskeleg med vegger eller andre element som vil prege landskapet. Eksisterande gjerde og utsiktsrampe er ikkje synleg for dei som tek turen inn under fossen i dag. Stien inn frå Vetti mot foten av fossen er sterkt utsett for ras/steinsprang, så det kan vera ein fordel om folk heller tek turen opp på utsiktspunktet dersom dette blir betre tilrettelagt.

Hovudformålet med tiltaket er sikring mot kanten av juvet. Like viktig er at ein må unngå unødige store inngrep i landskapet. Ein er her inne i eit landskapsvernområde der nye tekniske inngrep er underlagt

særs strenge vurderingar. Ein ser at kostnader kan vere ein avgrensande faktor, samfinansiering er difor avgjerande for det vidare arbeidet med prosjektet.

Mål for arbeidet

1. Restaurere utsiktspunktet med sikringsgjerdet ved Vettisfossen.
2. Tilrettelegginga skal godkjennast av grunneigar.
3. Tilrettelegginga må vere i tråd med verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde.
4. Eigarskap og ansvar for vedlikehald av installasjonen avklarast i løpet av prosjektperioden.
5. Tilrettelegginga må følgje designmanualen for Norges nasjonalparkar.
6. Sikre god medverknad.
7. Trygg tilrettelegging for friluftsliv.
8. Sikre finansiering.
9. Utvikling av reiselivsprodukt og næringsutvikling.
 - a. At fleire som går inn Utladalen heller legg turen til toppen av Vettisfossen i staden for å gå inn under fossen, der delar av stien går gjennom eit område som er svært utsett for steinsprang.
 - b. At den besøkande stoppar ein dag lenger i Årdal.

Ferdselsteljaren som vart sett opp ved bommen i Utladalen i 2020 vil bli flytta til stien opp til Vettismorki i 2021. I 2022 kan det vere aktuelt å flytte den til stien som går inn under Vettisfossen, for deretter å flytte den attende til stien til Vettismorki i 2023. Slik vil ein kunne måle effekten av tiltaket, før og etter byggestart, utviklinga i ferdselsmønsteret i området, og ut frå det vil ein kunne vurdere aktuelle tiltak framover.

Organisering av prosjektet

Ein ynskjer å legge opp til ein prosess med medverknad frå både grunneigar/folk lokalt, med kommunen, reiselivet, friluftslivsinteresser og Utladalen Naturhus. Dei ulike partane som prosjektet vedkjem er grunneigar, reiseliv, friluftsliv/DNT Oslo og Omegn og eigarar av stølshus, samt Årdal kommune. Ein ser at dei ulike aktørane vil ha ulike mål for prosessen.

Med bakgrunn i ovannemnde tilrår ein at arbeidet vert organisert som eit prosjekt med felles styringsgruppe, prosjektsekretariat og ei prosjektgruppe.

Styringsgruppa

Arbeidet blir leia av styringsgruppa som er ansvarleg for at dei økonomiske rammene blir haldne, og skal kontrollere og godkjenne arbeidet som blir gjort av prosjektgruppa. Ein ser det som naturleg at nasjonalparkstyret fungerer som styringsgruppe for å halde prosjektet innan føringar gitt gjennom verneforskrifta for landskapsvernområdet, designmanualen for Norges nasjonalparkar og tiltaksmidlane som nasjonalparkstyret rår over. Styringsgruppa blir leia av styreleiar i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.

Prosjektsekretariatet

Prosjektsekretariatet består av nasjonalparkforvaltarane i Jotunheimen og Utladalen og prosjektleiaren i Utladalen Naturhus. Dei skal leie og samordne det praktiske arbeidet, syte for framdrifta innanfor rammene som er sett av styringsgruppa, syte for vedtaksgrunnlag og fungere som sekretariat for prosjektgruppa og styringsgruppa. Dei skal ha kontakt mot ekstern konsulent.

Prosjektgruppa

Prosjektgruppa vil i tillegg til prosjektsekretariatet ha representasjon frå Årdal kommune, Utladalen Naturhus, grunneigar, og Statens Naturoppsyn Jotunheimen. Dei blir eit viktig diskusjonsforum for prosjektsekretariatet. Det vil i praksis bli denne gruppa som framskaffar det faglege grunnlaget for utforming av utsiktspunktet og kjem med vedtaksgrunnlag for styringsgruppa. Prosjektgruppa blir leia av prosjektleiar ved Utladalen Naturhus. Det skal vere tett og jamn dialog mellom prosjektleiar og forvaltarane.

Ein vil legge opp til dialog med andre aktuelle brukarinteresser etter behov i prosjektet.

Etter dialog med, og tilbakemelding frå Årdal kommune føreslår ein denne organiseringa av prosjektet:

Styringsgruppe: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2020-2023

Rolle	Medlem	Varamedlem	Representerer
Leiar	Leif Solemsli	Kristin Bakke Lajord	Vang kommune
Nestleiar	Marit Sletten	Rolv Enersvold	Lom kommune
Styremedlem	Hilmar Høl	Anne Kauppi	Årdal kommune
Styremedlem	Ivar Kvalen	Marit Aakre Tennø	Luster kommune
Styremedlem	Harald Sve Bjørndal	Live Langøygard	Vågå kommune
Styremedlem	Trude Brosvik	Aleksander Øren Heen	Vestland fylkeskommune
Styremedlem	Kjersti Bjørnstad	Svein Håvar Korshavn	Innlandet fylkeskommune

Prosjektsekretariat

Rolle	Medlem	Representerer
Medlem	Johannes P. Skahjem	Prosjektleiar Utladalen Naturhus
Medlem	Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen
Medlem	Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen

Prosjektgruppe:

Rolle	Medlem	Representerer
Leiar	Johannes P. Skahjem	Prosjektleiar Utladalen Naturhus
Medlem	Torunn Todal Laberg	Styreleiar Utladalen Naturhus
Medlem	Ingjerd H. Vetti/Marie Johansen Vetti/Roger H. Vetti	Grunneigar
Medlem	Bjørn Indrebø	Kommunalsjef Teknisk, plan og utvikling, Årdal kommune
Medlem	Trine Grøttebø	Årdal Utvikling
Medlem	Rigmor Solem	Statens Naturoppsyn Jotunheimen
Medlem	Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen
Nestleiar	Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen

Skulle ein kome i ein situasjon der nokon av medlemmane i prosjektsekretariatet eller prosjektgruppa fell frå, skal styringsgruppa ta stilling til eventuell supplering i prosjektet. Ved evt. fråfall av prosjektleiar i Utladalen Naturhus, skal forvaltarane ta over hans rolle inn til styringsgruppa har avklara vidare organisering.

Styringsgruppa skal ha jamleg oppdatering om framdrift i prosjektet. Ved avvik skal styringsgruppa ta stilling til om det er grunnlag for å vedta revidert framdriftsplan.

Dersom Utladalen Naturhus finn grunn til å trekke seg ut av avtalen, vil deira rolle i prosjektet falle tilbake til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Nasjonalparkstyret må i så fall ta stilling til om, og korleis prosjektet skal drivast vidare, ut frå kva trinn ein er på i prosjektet, status for finansiering osv.

Dersom Utladalen Naturhus evt. trer frå avtalen, skal det leverast fullstendig rekneskap for prosjektet til Nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkforvaltarane skal følgje prosjektet tett, og det skal sendast kopi av all kommunikasjon til styringsgruppa v/alle medlemmane i prosjektsekretariatet.

Finansiering

For å finansiere prosjektet må det søkjast eksterne finansieringskjelder, jf. plan for gjennomføring med ansvarsfordeling nedanfor. For å kunne søke om midlar frå eksterne kjelder (stiftingar, kommune, fylkeskommune, osv.) vil det vera ein fordel å ha ein ideell eller uavhengig organisasjon til å drive prosjektet. Dette vil også gjera det enklare å gjennomføre eit prosjekt som vil ha ei utviklings- og

gjennomføringsperiode over meir enn eitt år. Midlane til nasjonalparkstyret blir som kjent løyvd med tidshorisont på eitt år knytt til Statsbudsjettet. Nasjonalparkstyret har difor invitert Utladalen Naturhus med i prosjektet, for å ta ei sentral rolle i det vidare arbeidet med utskifting av anlegget ved Vettisfossen.

I framlegget til budsjett for tiltak nedanfor er det ikkje lagt inn tal endå. Her avventar ein rapport frå moglegheitsstudien frå Dronninga Landskap og ingeniør frå DIFK, og legg opp til vedtak av budsjett i styringsgruppa i mars 2021.

Budsjett drift

Aktivitet/tiltak	2021	2022	2023
Ferdselsteljing Ecocounter	Arbeidsinnsats SNO	Arbeidsinnsats SNO	Arbeidsinnsats SNO

Budsjett tiltak

Aktivitet/tiltak	2020	2021	2022
Moglegheitsstudium med illustrasjonsskisse			
Synfaring med konsulent			
Forprosjekt og detaljering			
Bygging utsiktspunkt			

Plan for gjennomføring

Tidsrom	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspart
Oktober 2020 – desember 2020	Førebuande arbeid – Moglegheitsstudium med illustrasjonsskisse	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Grunneigar Utladalen Naturhus SNO
November/desember 2020	Vedtak om prosjektorganisering og samarbeidsavtale mellom nasjonalparkstyret og Utladalen Naturhus	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Utladalen Naturhus	
Etterjulsvinter 2021	Handsame dispensasjonssak om etablering av ny innstallasjon for sikring mot kanten av Vettisfossen og utsiktspunkt	Nasjonalparkstyret Årdal kommune	Søknad frå Utladalen Naturhus.
Desember 2020 – Mars 2021	Finansiering	Utladalen Naturhus i samarbeid med Nasjonalparkstyret	Forvaltarar
Desember 2020 – Hausten 2021	Anbud hovudprosjekt med føresetnad om finansiering – Utarbeiding av konkurransegrunnlag – Offentleg utlysing av konkurranse – Tilbudsopning – Svar på tilbod	Utladalen Naturhus	Forvaltarar

	– Kontrakt Gjennomføring av dei tre siste strekpunkta føreset at finansieringsplan er klar.		
Desember 2020 – Mars 2021	Avklaringar: – Avtale med grunneigar – Eigarskap/drift	Utladalen Naturhus?	Grunneigar Nasjonalparkstyret Forvaltarar
April 2021 – Juli 2021	Feltarbeid hovudprosjekt Ferdige teikningar	Ekstern konsulent	Utladalen Naturhus Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen SNO
Haust 2021 - Haust 2022	Byggestart	Ekstern konsulent	Utladalen Naturhus Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen SNO

Samarbeidsavtale mellom Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og Utladalen Naturhus

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og Utladalen Naturhus etablerer eit formalisert samarbeid i form av gjensidig forpliktande samarbeidsavtale. Forvaltinga og oppfølginga av avtalen er knytt til prosjektarbeidet med å sikre og utvikle utsiktspunktet ved Vettisfossen.

1. Innleing

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret har i sak 9/2020 prioritert tiltaksmidler i 2020 til forprosjekt nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen. Nasjonalparkstyret hadde i møte 8. september under behandlinga av sak 34/2020 også ein kort diskusjon på moglege løysingar for finansiering av tiltaket. Ei prosjektorganisering med involvering av Utladalen naturhus vart skissert som ei mogleg løysing. Dette ut frå føringane som Miljødirektoratet har sett for tiltak av denne typen i sin *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*:

Finansiering av større tilretteleggingstiltak

Midler til opprettelse av installasjoner som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplasser i tilknytning til verneområder, må være forankret i en godkjent besøksstrategi for å kunne bli prioritert. Tiltaksmidler kan brukes til (primært å delfinansiere) gjennomføring av denne typen tilrettelegging, og søknader til slike anlegg skal være godt begrunnet med bl.a. informasjon om besøkstall og eksisterende bruk av området.

Den 27.10.20 handsama nasjonalparkstyret v/Arbeidsutvalet sak om forslag til organisering av prosjektet Utsiktspunkt Vettisfossen. Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen inviterer Utladalen Naturhus til eit samarbeid for å sikre og utvikle utsiktspunktet ved Vettisfossen. Ein konkret samarbeidsavtale blir lagt fram for godkjenning i nasjonalparkstyret i styremøte seinare.

Utladalen Naturhus gjev i brev datert 19.11.2020 dette svaret på invitasjonen til samarbeid:

I styremøte den 9. november 2020 godkjente styret i Utladalen Naturhus at prosjektleiaren i Naturhuset tar ei rolle som koordinator og drivar av prosjektet i samarbeid med forvaltarane i Jotunheimen og Utladalen.

For at prosjektleiaren ved Naturhuset skal kunna bidra inn i prosjektet er vi avhengig av at stiftinga har midlar til det. Naturhuset har søkt Årdal kommune om prosjektstønad for dei to neste åra. Vi gir tilbakemelding så fort vi får svar på søknaden.

Vennleg helsing

Stiftinga Utladalen Naturhus

v/ styreleiar Torunn Todal Laberg

Bakgrunn

Jotunheimen/Utladalen er eit område med lange tradisjonar innan friluftsliv og naturbasert reiseliv. På dei mest kjende attraksjonane, som t.d. Vettisfossen med svært mange besøkande, er det stort behov for både informasjon, sikring og vedlikehald, samt førebygging og reparering av erosjonsskader på stiar. Dette er naudsynte tiltak for å gje gjestene ei god oppleving.

Vettisfossen er mykje nytta i marknadsføring i Årdal kommune og av destinasjonsselskapa. Data frå ferdselsteljing i 2020 syner at det i perioden 08.04-07.09.20 har vore om lag 30 000 besøkande som har gått inn dalen frå Hjelle. Ein reknar med at eit stort fleirtal blant desse legg turen inn under Vettisfossen, men nokon tek også turen til Avdalen, og til Vettismorki og utsiktspunktet ved fossen. God tilrettelegging og sikring i utsiktspunktet ved fossen er svært viktig.

Gjennom tenestekjøp frå SNO har Utladalen Naturhus ei sentral rolle med skjøtsel og

tilretteleggingstiltak i Utladalen, og å føre tilsyn med anlegga. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen meiner difor det var naturleg å invitere Naturhuset til eit tett samarbeid i det vidare arbeidet med utskifting av anlegget ved Vettisfossen.

Utsiktsplattform Vettisfossen - Tilrettelegging og sikring – ytre rammer

Plattformen var etablert før området vart verna, og i 2002 og 2009 vart det utført reparasjonar av installasjonen. Rampa og gjerdet ut mot Utladalen er i ei slik forfatning at innretningane enten må fjernast eller erstattast av eit nytt anlegg. Vettisfossen har slik attraksjonskraft at ein ser fjerning som heilt uaktuelt. For å gjera området sikrare og førebygge skader på vegetasjon og terreng trengst tiltak. Tiltaket er av ein slik karakter at ein ser for seg behov for eit spleiselag mellom fleire partar.

I 2019 var Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen på synfaring til utsiktsrampen ved Vettisfossen saman med representant for grunneigar, Statens naturoppsyn og Utladalen Naturhus for å vurdere tilstanden på gjerdet og utsiktsrampen og behovet for vedlikehald/oppgradering. Etter synfaringa i 2019 var det semje om følgjande:

- Det er nødvendig med utskifting av stolpar og treverk som er i ferd med å rotne, ikkje noko kan brukast oppatt og alt må skiftast ut.
- Det bør engasjerast arkitekt/landskapsarkitekt for utarbeiding av eit skisseprosjekt som grunnlag for søknad om tiltaksmidla. Rammer for oppdraget er å innordne seg vedteken designmanual i materialval og design, og at utstrekning av nytt anlegg i hovudsak held seg innan ytre rammer for det eksisterande anlegget.
- Ei utsiktsplattform som går ut over kanten kan vera meir praktisk, for å hindre at folk går på utsida av gjerdet for å få beste biletet av fossen.
- Det er behov for geolog/geoteknikkar for vurdering av fjellkvalitet og forankring ute på (evt. ut over) kanten. Det vart engasjert geolog av Årdal Utvikling (Å. U.), og denne rapporten bør gjerast tilgjengeleg for å kunne vurdere behovet for eventuelle vidare utgreiingar.
- Gjerde/vaier langs stien opp frå Vetti bør også oppgraderast som deltiltak av prosjektet *Utsiktspunkt Vettisfossen*.
- Eventuelle tiltak skal gjennomførast i nær dialog med grunneigar.

Innanfor den løyvde ramma for tiltak utsiktspunkt Vettisfossen er det gjennomført synfaring med arkitekt/landskapsarkitekt for å få innspel gjennom eit enkelt mogleighetsstudium på kva ein kan få til med tanke på dei gjevne vilkåra ovanfor. Dronninga landskap, ingeniør frå DIFK, grunneigar, Utladalen Naturhus, Statens naturoppsyn og forvaltarane var på synfaring den 23. oktober. Erfaringane frå synfaringa vil danne grunnlag for eit skisseframlegg til oppgradering av anlegget ved Vettisfossen, inkl. vurdering av kostnadsomfang frå Dronninga landskap og ingeniør frå DIFK.

Grunneigar er positiv til oppgradering av utsiktspunktet, men dei ønskjer ikkje noko stort byggverk eller tilrettelegging for opphald ut over ein trygg plass for å nyte utsikta og ta ein kort rast. Grunneigar er oppteken av behovet for utskifting av anlegget som er der i dag med tanke på sikring mot kanten. Dei meiner utstrekninga av eit nytt anlegg bør halde seg innan ytre ramme for det eksisterande anlegget, og det er ikkje ønskeleg med vegger eller andre element som vil prege landskapet. Eksisterande gjerde og utsiktsrampe er ikkje synleg for dei som tek turen inn under fossen i dag. Stien inn frå Vetti mot foten av fossen er sterkt utsett for ras/steinsprang, så det kan vera ein fordel om folk heller tek turen opp på utsiktspunktet dersom dette blir betre tilrettelagt.

Hovudformålet med tiltaket er sikring mot kanten av juvet. Like viktig er at ein må unngå unødig store inngrep i landskapet. Ein er her inne i eit landskapsvernområde der nye tekniske inngrep er underlagt særstrenge vurderingar. Ein ser at kostnader kan vere ein avgrensande faktor, samfinansiering er difor avgjerande for det vidare arbeidet med prosjektet.

For å kunne søke om midlar frå eksterne kjelder (stiftingar, kommune, fylkeskommune, osv.) vil det vera ein fordel å ha ein ideell eller uavhengig organisasjon til å drive prosjektet. Dette vil også gjera det enklare å gjennomføre eit prosjekt som vil ha ei utviklings- og gjennomføringsperiode over meir enn eitt år. Midlane til nasjonalparkstyret blir som kjent løyvd med tidshorisont på eitt år knytt til Statsbudsjettet. Nasjonalparkstyret har difor invitert Utladalen Naturhus med i prosjektet, for å ta ei sentral rolle i det vidare arbeidet med utskifting av anlegget ved Vettisfossen.

Mål for arbeidet:

1. Restaurere utsiktspunktet med sikringsgjerdet ved Vettisfossen.
2. Tilrettelegginga skal godkjennast av grunneigar.
3. Tilrettelegginga må vere i tråd med verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde.
4. Eigarskap og ansvar for vedlikehald av installasjonen avklarast i løpet av prosjektperioden.
5. Tilrettelegginga må følgje designmanualen for Norges nasjonalparkar.
6. Sikre god medverknad.
7. Trygg tilrettelegging for friluftsliv.
8. Sikre at arbeidet skjer i tråd med verneforskrifta.
9. Utvikling av reiselivsprodukt og næringsutvikling.
 - a. At fleire som går inn Utladalen heller legg turen til toppen av Vettisfossen i staden for å gå inn under fossen, der delar av stien går gjennom eit område som er svært utsett for steinsprang.
 - b. At den besøkande stoppar ein dag lenger i Årdal.

Ferdselsteljaren som vart sett opp ved bommen i Utladalen i 2020 vil bli flytta til stien opp til Vettismorki i 2021. I 2022 kan det vere aktuelt å flytte den til stien som går inn under Vettisfossen, for deretter å flytte den attende til stien til Vettismorki i 2023. Slik vil ein kunne måle effekten av tiltaket, før og etter byggestart, utviklinga i ferdselsmønsteret i området, og ut frå det vil ein kunne vurdere aktuelle tiltak framover.

2. Organisering av prosjektet

Ein ynskjer å legge opp til ein prosess med medverknad frå både grunneigar/folk lokalt, med kommunen, reiselivet, friluftslivsinteresser og Utladalen Naturhus. Dei ulike partane som prosjektet vedkjem er grunneigar, reiseliv, friluftsliv/DNT Oslo og Omegn og eigarar av stølshus, samt Årdal kommune. Ein ser at dei ulike aktørane vil ha ulike mål for prosessen.

Med bakgrunn i ovannemnde tilrår ein at arbeidet vert organisert som eit prosjekt med felles styringsgruppe, prosjektsekretariat og ei prosjektgruppe.

Styringsgruppa

Arbeidet blir leia av styringsgruppa som er ansvarleg for at dei økonomiske rammene blir haldne, og skal kontrollere og godkjenne arbeidet som blir gjort av prosjektgruppa. Ein ser det som naturleg at nasjonalparkstyret fungerer som styringsgruppe for å halde prosjektet innan føringar gitt gjennom verneforskrifta for landskapsvernområdet, designmanualen for Norges nasjonalparkar og tiltaksmidlane som nasjonalparkstyret rår over. Styringsgruppa blir leia av styreleiar i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.

Prosjektsekretariatet

Prosjektsekretariatet består av nasjonalparkforvaltarane i Jotunheimen og Utladalen og prosjektleiaren i Utladalen Naturhus. Dei skal leie og samordne det praktiske arbeidet, syte for framdrifta innanfor rammene som er sett av styringsgruppa, syte for vedtaksgrunnlag og fungere som sekretariat for prosjektgruppa og styringsgruppa. Dei skal ha kontakt mot ekstern konsulent.

Prosjektgruppa

Prosjektgruppa vil i tillegg til prosjektsekretariatet ha representasjon frå Årdal kommune, Utladalen Naturhus, grunneigar, og Statens Naturoppsyn Jotunheimen. Dei blir eit viktig diskusjonsforum for prosjektsekretariatet. Det vil i praksis bli denne gruppa som framskaffar det faglege grunnlaget for utforming av utsiktspunktet og kjem med vedtaksgrunnlag for styringsgruppa. Prosjektgruppa blir leia av prosjektleiar ved Utladalen Naturhus. Det skal vere tett og jamn dialog mellom prosjektleiar og forvaltarane.

Ein vil legge opp til dialog med andre aktuelle brukarinteresser etter behov i prosjektet.

Etter dialog med, og tilbakemelding frå Årdal kommune føreslår ein denne organiseringa av prosjektet:

Styringsgruppe: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2020-2023

Rolle	Medlem	Varamedlem	Representerer
Leiar	Leif Solemsli	Kristin Bakke Lajord	Vang kommune
Nestleiar	Marit Sletten	Rolv Enersvold	Lom kommune
Styremedlem	Hilmar Høl	Anne Kauppi	Årdal kommune
Styremedlem	Ivar Kvalen	Marit Aakre Tennø	Luster kommune
Styremedlem	Harald Sve Bjørndal	Live Langøygard	Vågå kommune
Styremedlem	Trude Brosvik	Aleksander Øren Heen	Vestland fylkeskommune
Styremedlem	Kjersti Bjørnstad	Svein Håvar Korshavn	Innlandet fylkeskommune

Prosjektsekretariat

Rolle	Medlem	Representerer
Medlem	Johannes P. Skahjem	Prosjektleder Utladalen Naturhus
Medlem	Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen
Medlem	Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen

Prosjektgruppe:

Rolle	Medlem	Representerer
Leiar	Johannes P. Skahjem	Prosjektleder Utladalen Naturhus
Medlem	Torunn Todal Laberg	Styreleder Utladalen Naturhus
Medlem	Ingjerd H. Vetti/Marie Johansen Vetti/Roger H. Vetti	Grunneigar
Medlem	Bjørn Indrebø	Kommunalsjef Teknisk, plan og utvikling, Årdal kommune
Medlem	Trine Grøttebø	Årdal Utvikling
Medlem	Rigmor Solem	Statens Naturoppsyn Jotunheimen
Medlem	Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen
Nestleiar	Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen og Utladalen

3. Plan for gjennomføring

Tidsrom	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspart
Oktober 2020 – desember 2020	Førebuande arbeid – Moglegheitsstudium med illustrasjonsskisse	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Grunneigar Utladalen Naturhus SNO
November/desember 2020	Vedtak om prosjektorganisering og samarbeidsavtale mellom nasjonalparkstyret og Utladalen Naturhus	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Utladalen Naturhus	
Etterjuls vinter 2021	Handsame dispensasjonssak om etablering av ny innstallasjon for sikring mot kanten av Vettisfossen og utsiktspunkt	Nasjonalparkstyret Årdal kommune	Søknad frå Utladalen Naturhus.
Desember 2020 – Mars 2021	Finansiering	Utladalen Naturhus i samarbeid med Nasjonalparkstyret	Forvaltarar
Desember 2020 – Hausten 2021	Anbud hovudprosjekt med føresetnad om finansiering – Utarbeiding av konkurransegrunnlag	Utladalen Naturhus	Forvaltarar

	– Offentleg utlysing av konkurranse – Tilbodsopting – Svar på tilbod – Kontrakt Gjennomføring av dei tre siste strekpunkta føreset at finansieringsplan er klar.		
Desember 2020 – Mars 2021	Avklaringar: – Avtale med grunneigar – Eigarskap/drift	Utladalen Naturhus?	Grunneigar Nasjonalparkstyret Forvaltarar
April 2021 – Juli 2021	Feltarbeid hovudprosjekt Ferdige teikningar	Ekstern konsulent	Utladalen Naturhus Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen SNO
Haust 2021 - Haust 2022	Byggjstart	Ekstern konsulent	Utladalen Naturhus Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen SNO

4. Finansiering av tiltaket

For å finansiere prosjektet må det søkjast eksterne finansieringskjelder, jf. plan for gjennomføring med ansvarsfordeling ovanfor.

Budsjett drift

Aktivitet/tiltak	2021	2022	2023
Ferdjelsteljing Ecocounter	Arbeidsinnsats SNO	Arbeidsinnsats SNO	Arbeidsinnsats SNO

Budsjett tiltak

Aktivitet/tiltak	2020	2021	2022
Moglegheitsstudium med illustrasjonsskisse			
Synfaring med konsulent			
Forprosjekt og detaljering			
Bygging utsiktspunkt			

Utladalen Naturhus vil få oppdrag om å lage prosjektrekneskap som viser inn og utbetaling over prosjektperioden.

For overføring av tiltaksmidler frå nasjonalparkstyret vil det bli knytt avtale til det einiskilde beløpet. Disponible midlar i 2020 kan nyttast til prosjektering etter inngått avtale med Utladalen Naturhus.

Nasjonalparkstyret pliktar å melde inn behov for tiltaksmidler til tiltaket gjennom bestillingsdialogen kvart år i prosjektperioden.

5. Oppfølging og kontroll

Møtestruktur

Gjennomføring av møte skjer etter behov. Prosjektgruppa vil ha jamleg dialog gjennom prosjektet, gjennom møte, samtalar og e-post. Styringsgruppa/nasjonalparkstyret, styret i Utladalen Naturhus og andre samarbeidspartar får orientering om status i kvart møte.

Rapporteringsrutinar i prosjektet

Det blir lagt fram skriftleg rapport, inkludert rekneskap, til Nasjonalparkstyret/Styringsgruppa, Styret i Utladalen Naturhus og andre samarbeidspartar ved årsslutt kvart år. Prosjektleiaren og prosjekteigarar vil ut over dette ha munnleg dialog (evt. digitalt), og dialog via e-post gjennom kvar enkelt fase av prosjektet. Tiltak blir planlagt i nært samarbeid med grunneigar v/representant for familien Vetti og DNT Oslo og Omegn.

Anskaffing

Det er meldt inn behov for ferdselsteljar (Ecocounter) til SNO via bestillingsdialogen 2021.

6. Eigarskap

Eigarskap til fysiske installasjonar skal avklarast innan utløpet av prosjektperioden, og avtale med grunneigarar skal ligge ved.

7. Tilsyn/vedlikehald

Ansvar for tilsyn/vedlikehald skal avklarast innan utløpet av prosjektperioden.

8. Avvik frå, og brot i samarbeidsavtalen

Skulle ein kome i ein situasjon der nokon av medlemmane i prosjektsekretariatet eller prosjektgruppa fell frå, skal styringsgruppa ta stilling til eventuell supplering i prosjektet. Ved evt. fråfall av prosjektleiaren i Utladalen Naturhus, skal forvaltarane ta over hans rolle inn til styringsgruppa har avklara vidare organisering.

Styringsgruppa skal ha jamleg oppdatering om framdrift i prosjektet. Ved avvik skal styringsgruppa ta stilling til om det er grunnlag for å vedta revidert framdriftsplan.

Dersom Utladalen Naturhus finn grunn til å trekke seg ut av avtalen, vil deira rolle i prosjektet falle

tilbake til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Nasjonalparkstyret må i så fall ta stilling til om, og korleis prosjektet skal drivast vidare, ut frå kva trinn ein er på i prosjektet, status for finansiering osv.

Dersom Utladalen Naturhus evt. trer frå avtalen, skal det leverast fullstendig rekneskap for prosjektet til Nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkforvaltarane skal følgje prosjektet tett, og det skal sendast kopi av all kommunikasjon til styringsgruppa v/alle medlemmane i prosjektsekretariatet.

Underskrifter

Arkivsaknummer:	2019/19735-17	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	22.11.2020
-----------------	---------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	40/2020	30.11.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Disponering av tiltaksmidlar 2020

Innstilling frå forvaltar

Ledige tiltaksmidlar blir disponert slik:

- Det blir løyvd 75.0000 til gjenoppbygging av felles bru over Blåtjønnåe i Russdalen. Brutypen er meir kostbar enn dei enklare hengebruene som DNT vanlegvis nyttar, men i nasjonalparken ser ein fordel av å kunne samle tilrettelegginga på ein plass og bygge brua slik at den fyller behova både til DNT og til beitelaget. Mykje av materialane kan gjenbrukast, og dette er ein fordel både i høve til naturinngrep, materialforbruk og motorferdsel. Ein tilrår difor at nasjonalparkstyret støttar eit spleiselag mellom DNT Oslo og Omegn og beitelaget for å få til ei løysing med ei bru.
- Resten blir fordelt på delfinansiering av utsiktsplattform Vettisfossen og neste års stiltak, i samarbeid med Utladalen Naturhus.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Nasjonalparkstyret, sak 9/2020, med tilhøyrande bakgrunnsdokument.

Nasjonalparkstyret, sak 34/2020 - Tiltaksmidlar 2020 - Status og omprioritering.

Søknad av 19.11.20 frå DNT Oslo og Omegn om støtte til istandsetting av bru Blåtjønnåe.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret fekk i sak 34/2020 orientering om status på bruk av tiltaksmidlane, og gjorde slik vedtak om omdisponering:

«Ledige midlar frå stiltak som ikkje kan gjennomførast i år pga coronasituasjonen blir omdisponert til andre formål, i tråd med orientering og diskusjon i møtet.»

Vi har nå oppdaterte rekneskapstal og førebels oversikt på det som er disponert, men ikkje fått faktura på. Oversikten viser at forbruk på stiltak i Visdalen er ein god del mindre enn stipulert, slik at det er ledige midlar til stiltak.

DNT Oslo og Omegn (DNTOO) har søkt om bidrag til gjenoppbygging av bru over Blåtjønnåe:

«Det mangler en farbar bru over Blåtjønnåe fordi den eksisterende jo ble ødelagt i vinter, se vedlagt bilde av hvordan brua var på forsommeren. Denne brua er både svært viktig for fotturistene i Jotunheimen og for å muliggjøre bruk av det gode beitet sørvest for Blåtjønnåe.

Gjennom sommeren og i høst har det vært diskutert flere løsninger. Det har også blitt gjennomført felles befarings av brua og brustedet der både DNT Oslo og Omegn, Russdalen Beitelag, Nasjonalparken og to byggefirmaer deltok, grunneier Statsskog har også deltatt i diskusjonene.»

DNT skisserer to aktuelle løysningar:

1. Bygge en forsterket trebru på eksisterende brusted, med gjenbruk av mest mulig av materialene og konstruksjonene på stedet:
 - a. Stokk og Stein har levert et pristilbud på å levere dette. (296.000 kr. eks mva)

- b. Denne brua er bygget på et sted og er av en sånn type at den blir en god del dyrere enn hva en ren fotturbru ville vært, DNT Oslo og Omegn mener derfor det ikke er riktig at vi skal bekoste en slik bru alene.*
- 2. Rive og transportere ut restene av trebrua og gjenoppbygge en hengebru plassert der den var tidligere – oppstrøms for den ødelagte trebrua:*
 - a. Den hengebrua som var plassert lengre oppstrøms ble demontert i 2018, og ligger på lager, og kan derfor gjenoppbygges relativt rimelig.*

Når det gjeld informasjonstiltak er mesteparten utført i tråd med planen. Basert på løysingar for ny utsiktsplattform som vart vurdert under synfaring i oktober og pågåande arbeid med prosjekt utsikt Vettisfossen (sjå eiga sak), vil det ligge til rette for neste trinn for realisering av prosjektet. Gjenstående midlar kan inngå i prosjektet, som første delfinansiering frå nasjonalparkstyret.

Vurdering


I eit område som Jotunheimen/Utladalen med eit stort tal besøkande er det stadig behov for opprusting om vedlikehald av stinettet. Den svært snørike vinteren 2019/2020 medførte skader på fleire av bruene til DNT, og det er ei svært utfordrande oppgåve å setja alt i stand. Brua over Blåtjønnå er eit svært viktig ledd i stignettet mellom Gjende-/Sjodalsområdet og Glitterheim. Brua vart bygd som eit fellestiltak for Russdalen beitelag og DNT i 2014. Etter at brua vart øydelagt av snøen står ein att med to moglege alternativ, som skissert i søknaden. Det er ønskjeleg med færrest mogleg inngrep i det opne landskapet, og biletet under frå synfaring 14. oktober viser at brukara og mykje av bruspennet kan brukast om att. Stokk og Stein har svært gode lokalkunnskapar om området, og meiner at ei forsterka løysing vil fungere, basert på erfaringane ein har hausta med brua til nå.



Dersom DNT berre byggjer opp att ei enkel hengebru som ikkje kan brukast av beitedyr, må beitelaget vurdere andre løysingar, som t.d. klopper over fleire elvestrengar der Blåtjønnå spreier seg ut over elvesletta mot Russvatnet. Det er problem at sauene trekkjer mot gode beite i vestre delen av Russdalen, og det er svært utfordrande å få dyra tilbake når det er meir vatn i elva. Ei generell utvikling er større vassføring på seinsommaren. To bruløysingar vil samla sett gje større inngrep, og det er ønskjeleg for alle partar å finne fram til ei felles løysing. Blåtjønnå er utfordrande å krysse for både folk og beitedyr, og ei solid og trygg bru som alle kan bruke vil vera ein fordel. Med eit spleiselag vil ein kunne bygge opp att ei forsterka bru, og Nasjonalparkstyret kan bidra til ei felles løysing gjennom dei ledige midlane frå stiltak i Visdalen. Her vart det i utgangspunktet

stipulert med 200.000 kroner. Forbruket er ca. 71.000. Noko er alt omdisponert til andre reparasjonar på stinettet, men det er rom for å bidra med 75.000 til ny bru.

Kartutsnittet viser området med elva og stinettet:



Prosjekt utsiktsrampe Vettisfossen er omtala i eiga sak. Ein foreslår at det som står att på tilretteleggingstiltak blir fordelt gjennom ein avtale med Utladalen naturhus.

Arkivsaksnummer:	2020/12154-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	12.11.2020
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	41/2020	30.11.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2021

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidler for 2021 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsiktsplattform Vettisfossen, tilrettelegging og sikring (medfinansiering)
- Utsjekk og supplering av tiltak ved av innfallsportane (mindre terrengarbeid rundt nye informasjonstavler m.m.).
- Temabrosjyre dyre- og planteliv
- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med registrert slitasje og erosjon
- Oppgradering av stien frå Vetti og opp på Vettismorki
- Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet (vidareført frå 2020)

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrt beite ved Gjendebu (geit)
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – på dagsorden i 2021.

Forvaltningsplan

- Skjøtelsesplan Utladalen; vidareføre og oppdatere eksisterande plan til gjeldande krav. Supplerande kartlegging kan vera aktuelt.
- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, slutføring
- Revisjon av forvaltningsplan

Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak
- Bestilling av standard skilt frå Grafika
 - Supplere med droneforbodsskilt, der desse manglar

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2021, etter at Miljødirektoratet har utført tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon,

kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap blir vidareført under leiing av SNO – Jotunheimen.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Utladalen og Jotunheimen. Erstatte dårleg teljar med ein ny av type trampematte + batteri til eksisterande.
- Nye skilt: Standard droneskilt på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tiltak på stignettet. Kartlegge behov for utbetringar
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløyve.
- Informasjon og oppfølging av dronebruk

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Oversending ved e-post av 06.11.20 frå Miljødirektoratet – *Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO - 2021*
Vedlegg til bestillingsbrevet
- *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*
- *Notat om festeanordninger for verneskilt*
- *Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Forslag til tiltaksplan 2021-2023 (vedlegg 1)
- Utfylt skjema for ønskt SNO-ressurs 2021 (vedlegg 2)

Saksopplysningar

Bestillingsbrev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for kva tiltak ein kan søke om. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarar og lokalt SNO, m.a. med Teams-møte 11. november.

Det er sett opp utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2021-23, sjå vedlegg 1.

Bestilling/forventningar til SNO si verksemd lagt inn i eige skjema (vedlegg 2). Bestillinga omfattar både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

Nasjonalparkforvaltarane og Rigmor Solem i SNO vil orientere nærare om gjennomførte tiltak i 2020 og forslag til plan for aktuelle tiltak 2021-23 i møtet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Overordna føringar

Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025 frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar:

«Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett og har i de siste årene økt. I statsbudsjettet for 2019 (Prop.1S (2018-2019) står følgende: "Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument."

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»

Strategien framhevar følgjande føresetnader for tildeling av midlar:

«Tiltak skal være forankret i en skjøtsels- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.

I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.

I Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene er det presisert at "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd."»

Utsiktspunktet mot Vettisfossen er av typen «større installasjoner», og vidare oppfølging her er utgreidd som eiga sak – jf. saklista til møte 30.11.20.

Status og gjennomførte tiltak i 2020

- Utsiktsplattform Vettisfossen, oppstart med forprosjekt med synfaring
- Informasjonstavler med nytt design for området Utladalen/Hjelle, i tråd med forprosjekt
- Skilt med nytt design som erstatning for øydelagt skilt på felles infopunkt med Vang kommune ved Bygdn/Eidsbugarden.
- Nye skilt Spiterstulen, Leirvassbu og Glitterheim – til utplassering vår 2021.
- Vurdering av infopunkt ved Fv. 53 og skilting mot nasjonalparken, til vidare oppfølging
- Stiltak mot foten av Vettisfossen utført av Utladalen Naturhus.
- Stiltak i Visdalen mot Galdhøpiggen utført av fjelloppsynet i Lom. Tiltak for å førebygge erosjon av smeltevatn må utførast på forsommaren 2021.
- Stiltak Besseggen utsett til 2021 pga coronasituasjonen.
- Supplerande skilt for tryggleik/turvett over Besseggen er bestilt
- Andre stiltak: Sikring boltar/kjetting Bukkelægeret, sikringstiltak på stig langs Gjende.

- Omdisponere stimidlar til bidrag til øydelagt bru i Russdalen – eige sak.
- Skjøtsel i Utladalen og ved Gjende utført i tråd med plan.
- Nettside med ny design – norsk versjon juni 2020, engelsk og tysk november 2020.
- Bestandsutvikling jaktfalk – felles kartleggingsprosjekt Innlandet
- Brukarundersøking, fullføring av brukarrapportar for Jotunheimen og Besseggen.
- Skjotselsplan Utladalen teken opp til revisjon og oppdatering, må fullføre 2021-2022.

Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren, med utkikkspunkt Sognefjellet og startpunkta Turtagrø og Krossbu. Tilrettelegginga har vore komplisert, men utfordringar knytt til snøskader på rekkverk på gangbaner ut mot halvøya og reklamasjonssak på glastavlene (Miljødirektoratet følgjer opp). Vidare oppfølging kan vera ulike typar informasjon knytt til korte avstikkarar frå stoppunkt langs vegen. Ved Turtagrø har det vorte framsett ønskje om å få eit blikkfang også på den sida av informasjonstavlene som dei ser oppe frå tunet på turisthytta. Også frå Krossbu ser ein berre baksidene av skilta, men merkevaregruppa i Miljødirektoratet har uttrykt skepsis til oppslag på baksidene. Dei har forslag om lik informasjon på begge sider av ståltavlene, og dette er eit spørsmål som ein må sjå nærare på i samband med at det skal opp nye plakatar etter reklamasjonssaka på glastavlene, både ved Turtagrø og Krossbu.

Vurdering

Vedlagt tiltaksplan viser status for innføring av merkevaren og aktuelle tiltak for søknad 2021.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen/Utladalen. Ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for bærekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet.

Brukarundersøkinga utført 2019-2020 har gjeve verdfull informasjon om kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» har hatt ei trinnvis gjennomføring, i tråd med gitte løyvingar og kapasitet på personalsida. I vedlagt tiltaksplan er tiltak som er utført i tråd med merkevaren markert med grønt. Ein har nå i stor grad fått skifta ut eldre skilt til ny design, men det står att litt avsluttande terrengarbeid m.m. rundt enkelte av skilta som vart ferdige i haust. Det bør derfor søkjast om ein pott til mindre terrengarbeid m.m. Det kan også vera aktuelt med eit nytt skilt ved bommen i Utladalen, føresett at ein får rydda opp i dei mange skilta som står der. Det er dialog om Utladalen Naturhus om dette.

Skilt ved brygga i austenden av Bygdin er av eldre design, men her aventar ein utskifting til det er bestemt kva større tiltak som kan bli aktuelle etter den pågåande reguleringsprosessen.

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må ha høg prioritet i åra framover. Strategien er under revisjon som del av forvaltningsplanen, men både arbeidet med forvaltningsplan og besøksstrategi stoppa dessverre opp ein periode pga eit heilt år med vakanse i forvaltarstillinga på vestsida. Med to faste forvaltarar på plass kan arbeidet takast opp att. Våren 2020 prioriterte vi arbeidet med ny nettside for publikum. Den overordna sida for Noregs Nasjonalparker vart da lansert, og det var viktig å følgje opp med utfyllande sider for kvar enkelt nasjonalpark. Norsk versjon kom på plass i juni, og engelsk og tysk versjon kjem snart. Dette har vore eit tidkrevjande arbeid med stor eigeninnsats. Sjå felles portal <https://www.norgesnasjonalparker.no/> og Jotunheimen <https://www.jotunheimen.info/>

Vegvisningsskilt (brune skilt) til nasjonalpark langs hovudvegane bør supplerast og oppdaterast til ny design der det framleis står skilt med gamle symbol (stjerne i staden for portal). Forvaltarane i Vestland har diskutert å ta ei felles henvending til Vegvesentet for å starte på ein prosess. I Luster er det aktuelt å samordne Jostedalsbreen/Breheimen/Jotunheimen

Tiltak som har vore spelt inn tidlegare som ikkje er gjennomført pga. manglande ressursar:

- Temabrosjyre dyre- og planteliv

- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar. Utsikten er i tilknytning til anlegget ved Fantesteinvatnet. Toppen er svært lett tilgjengeleg, og har panoramautsikt til Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken/Steindalsnosi

Foreslår å ta inn desse i ny søknad for 2021.

Utsiktspunktet ved Vettisfossen

er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ny og tryggare konstruksjon. Utsiktsplattforma er ein større konstruksjon som vil krevje medfinansiering frå andre aktørar – jf. føringar frå Miljødirektoratet. Det er forslag om eige prosjektorganisering for å følgje opp dette arbeidet – sjå eige sak. Finanseringsbidrag via tiltaksmidlane må prioriterast, da det er viktig at nasjonalparkstyret tek sin del av ansvaret og sikrar god medverknad i prosjektet. Gjenståande tiltaksmidlar i 2020 bør nyttast til prosjektering i samarbeid med Naturhuset (føresett at partane går inn i samarbeidsprosjektet som foreslått). Ein bør også oppgradere strekningane med rekkverk langs stigen opp lia frå Vetti, og søke midlar til stiltak her. Tilråding frå landskapsarkitekt etter synfaring i oktober vil danne grunnlag for vidare arbeid.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar for verneområda er nyttige element ved innfallsportane – jf. resultat av brukarundersøking 2019. Positiv tilrettelegging på utvalde område kan også ha kanaliseringseffekt i høve sårbare område som blir lite profilert. Det er ønskeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med nytt design er på plass, og dersom ein lagar temabrosjyrer om t.d. fugl må desse også gjerast tilgjengelege digitalt. Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande er aktuelle tiltak. Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Også langs vegen innover Utladalen kan det ligge godt til rette for ein natur-/kulturstig.

Stiltak

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. T.d. inn mot Bøverbreen frå Krossbu er det ein del blaute parti med behov for gangbaner ut over dei som alt er lagt ut. I andre område kan stepstones vera eit godt alternativ. Val av løysing er avhengig av tilgang på stein og forholda på staden. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdsteltjarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Brukarundersøking

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002, 2010 og 2019. Brukarundersøkingane er analysert, og har fått sine sluttrapportar frå forskinga i 2020.

Det er laga eigen brukarrapport for Besseggen, som er den mest besøkte attraksjonen i verneområdet. Rapporten er eit viktig ledd i arbeidet med prosjektet *Besseggen som Nasjonal turiststi*, og nasjonalparkforvaltar ved knutepunktet i Lom er representert i styringsgruppa for dette arbeidet. Av turmåla som er vurdert som særlege aktuelle for å søke status som nasjonal turiststi, er Besseggen den einaste som ligg i ein nasjonalpark.

Skjøtsel (skjøtselbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka i Utladalen er omfattande, og har gått over fleire år. Dei siste åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtelsplan har vurdert dei ulike skjøtelsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtelsplanutkastet menglar formell godkjenning, og arbeid med dette er starta opp i 2020. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtelsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtelsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og andre prioriterte aktivitetar

Ferdselsteljing

Forvaltninga kan bestille særlege fokusområde innan SNO gjennom innmelding på skjema. Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

I 2020 var det utplassert teljarar ved Besseggen/Veslløytte, Helgedalen mot Fannaråken, inngang til Utladalen LVO, Visdalen mot Galdhøpiggen og Knutshøe.

Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viste behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Det foregår i dag organisert aktivitet som gjev svært stor utfart over Knutshøe i juni, som er ein sårbar periode (Rapport med sårbarheitsvurdering fugl i Aust-Jotunheimen). Det vart prioritert ny teljing ved Knutshø i 2019, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Ferdsla har auka vesentleg, og ein bør halde fram med registreringane på dette sårbare området. Det vart i 2020 ein generell nedgang i trafikken som følgje av reiserestriksjonar knytt til coronasituasjonen, men teljar ved Knutshøe viste likevel auke i høve til 2019 og tidlegare år.

Teljar på stigen frå Spiterstuen mot Galdhøpiggen har stått oppe i 2018 og i 2020. Sidan 2020 vart eit spesielt år som følgje av corona, er det ønskeleg å telje nok eit år for å få betre samla trafikktal for Galdhøpiggen. Teljar i Utladalen i 2020 gjev ein overordna oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Det er forslag om å flytte teljar til stigane mot Vettisfossen komande åra, og alternere mellom stigen til foten av fossen og stigen opp til Vettismorki. Besseggen har hatt utplassert teljar over ein 4-årsperiode, men det er ønskeleg å ha samanhengande teljing, for å følgje utviklinga dersom restriksjonane knytt til corona endrar seg mot komande sesong. Eit alternativ er å flytte den til Sognefjellet, for å følgje utviklinga etter tilrettelegginga av lågterskeltilbod med gangbru og opparbeidd gangveg. Teljar i Helgedalen mot Fannaråken bør plasserast ut att i 2021.

Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stiltak

Tilrettelegging og vedlikehald av stigar er framheva som nødvendige tiltak i besøksstrategien. Forslag til stigtiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har lokalkunnskap og kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

Kontroll og registreringar

Fleirårige motorferdselløyve og løyve med fleire turar årleg bør år om anna kontrollerast gjennom stikkontrollar, helst i tilknytning til påska. Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for det aktuelle anlegget bør oppdaterast.

Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Reinstammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

Oppsummering

Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle prioriterte innfallsportar skal ha tilrettelegging i tråd med merkevaren, og behovet for nye stativ er vurdert på kvar enkelt plass. Tiltak for å motverke slitasje og erosjon på stinettet er eit kontinuierleg behov i det mest traffikkerte områda.

Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak som det er søkt om når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På enkelte større tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2021 vil bli gjort ved framlegging av ny sak til nasjonalparkstyret på etterjulsvinteren.

Arkivsaknummer:	2020/12475-1	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	13.11.2020
-----------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	42/2020	30.11.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Retningslinjer for kommersiell bruk av merkevaren Jotunheimen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek å innføre ordninga med tilhøyrlogo for Jotunheimen nasjonalpark til kommersiell bruk. All bruk skal skje i samsvar med retningslinjer for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Nasjonalparkstyret vedtek følgjende tilleggskriteria for tildeling av merket for Jotunheimen nasjonalpark:

- Tildeling av tilhøyrlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil tre år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Merket kan berre tildelast aktørar med forretningsadresse i ein av kommunane med areal i nasjonalparken: Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområda Jotunheimen og Utladalen.
- Retningslinjer for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2023. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningslinjer skal evaluerast før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinjene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga.

Styret legg elles vedlagte retningslinjer til grunn for søknad og tildeling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Designmanual Norges nasjonalparker
- Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark

Saksopplysningar

Miljødirektoratet sin *Designmanual for Norges nasjonalparker* opnar for kommersiell bruk av nasjonalparklogoen i visse samanhengar:

«Det er lagt til rette for at virksomheter med geografisk tilhørighet til en nasjonalpark (og i enkelte tilfeller andre verneområder) kan søke om tillatelse til å benytte et spesiallaget merke for denne merkevaren sammen med logo for egen virksomhet i markedsføringen av et produkt, tjeneste eller aktivitet. Det er laget egne merker for formålet (kommersielt merke) og det er nasjonalparkstyret (eller annen forvaltningsmyndighet) for den aktuelle nasjonalparken eller verneområdet som behandler søknaden og gir tillatelser. Styret eller forvaltningsmyndighet skal ha godkjent besøksstrategi for området.»

Designmanualen definerer rammene for korleis merket skal kune brukast:

Hvem kan bruke det kommersielle merket?

En kommersiell, frivillig eller annen type virksomhet som foregår i, eller ved en nasjonalpark. Hvis produktet som tilbys kommer fra en nasjonalpark, eller det arrangeres en aktivitet i eller ved en nasjonalpark, så er det mulig å søke om tillatelse til å bruke varemerket.

Hva står merket for?

Det kommersielle merket er utviklet for å gi en mulighet til å markedsføre en bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Norges nasjonalparker, og sier noe om geografisk tilhørighet til en nasjonalpark eller et verneområde. Merket er ikke et kvalitetsstempel, og representerer ikke en godkjenning, noen form for finansiering eller annen støtte fra nasjonalparken eller forvaltningsmyndigheten. I seg selv ligger det en kvalitet i å ligge i nærheten av en nasjonalpark eller verneområde, det er dette vi ønsker at de lokale bedriftene skal kunne nyte godt av.

Hvordan kan merket brukes?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerker i butikkvinduer, i program eller brosjyrer, på nettstedet, i e-post og på plakater. Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.

Hva er kriteriene for bruk?

- Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot nasjonalparkens- eller verneområdets retningslinjer eller formål.
- Det er ikke tillatt å bruke merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.
- Merket skal ikke endres i form, beskæres eller tillegges design eller egen tekst. Det er retningslinjer som beskriver riktig bruk.
- Merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Hvorfor må det foreligge en signert avtale?

- Logoen for Norges nasjonalparker er en verdifull ressurs, og et beskyttet varemerke, dette gjelder også det kommersielle merket.
- Det er viktig å håndheve riktig bruk til fordel for alle som ønsker å knytte sin virksomhet til Norges nasjonalparker, og misbruk kan ødelegge verdien for alle som benytter merket. Vi ber derfor om at det signeres en forpliktende avtale.
- Gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og binder deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.
- Bare de som har søkt om og fått tillatelse til å bruke merket, kan gjøre det.

Designmanuale illustrerer dei ulike typene merke det kan søkjast om:

Kategori opprinnelse

Kommer fra/ Origins from

KOMMER FRA:

ORIGINS FROM:



Jostedal
breen
nasjonalpark

Kategori aktivitet Skjer i/Happening in	SKJER I: HAPPENING IN:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
Kategori lokalisering Ved/Located in	VED: BY THE:	 Jostedalsbreen nasjonalpark

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Vurdering

Det kommersielle merket er utvikla for at lokale aktørar kan få høve til å marknadsføre bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til ein eller fleire av Noregs nasjonalparker, og det er krav om at verksemda skal ha geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Spørsmålet geografisk tilknytning kan ha ulike tolkingar, men eit tydeleg definert krav kan vera at søkjaren er etablert med forretningsadresse i ein av kommunane med areal innan nasjonalparken. For aktivitetsbedrifter treng det ikkje vera krav at aktiviteten er lagt innanfor verneområda, da det ofte kan vera ein fordel at enkelte aktivitetar heller skjer i randsonen.

Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer ikkje godkjenning, noka form for finansiering eller anna støtte fra nasjonalparken eller forvaltningsstyresmakta. I seg sjølv kan det liggje ein kvalitet i å profilere seg med plasseringa i eller ved ein nasjonalpark.

Jotunheimen nasjonalpark kan som følgje av godkjent besøksstrategi innføre ordninga med kommersielle logoar for lokale aktørar. Det er nasjonalparkstyret som forvaltar ordninga og som bestemmer om denne skal innførast. Eit grunnleggjande vilkår er at dei sentrale retningslinene gitt i merkevaren *Norges nasjonalparker* skal følgjast ved tildeling.

Det er opp til forvaltningsmyndigheita for det enkelte verneområde å utarbeide lokale retningslinjer for forvaltning av merket. Det er viktig å sikre at produkt og tenester som marknadsfører seg med merket har ønskt kvalitet og ikkje forringar verdien av merkevaren. Tildeling av merket bør derfor vera tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan ta ny vurdering på om aktøren/produkta til kvar tid innfrir dei gjeldande krava til merket. Det blir vist til at dei sentrale retningslinene har ei kopling mot Innovasjon Norge sine 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv, og desse gjev ei god tolking av kva krav det er naturleg å stille ved vurdering av dei enkelte søknadene.

For meir informasjon om ordninga, sjå designmanualen for Norges nasjonalparker her:

<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

Vedlegg:

- Retningslinjer
- Miljødirektoratets standard søknadsskjema

Retningslinjer for kommersiell bruk av tilhørlogo for Jotunheimen nasjonalpark, fastsett av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Kven kan søkje?

Bedrifter med forretningsadresse i ein av kommunane med areal innan nasjonalparken: Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal.

Kva kan det søkjast om?

I utgangspunktet kan alle produkt som innfrir kriteria som er sett av styret kunne omfattast av ordninga. Produkta omfattar tenester som aktivitetar, overnatting og servering, eller mat, drikke og andre varer med tilknytning til verneområda Jotunheimen og Utladalen. I rettleiinga er alt omtala som produkt. Ta kontakt med nasjonalparksekretariatet dersom du er usikker på om produktet er aktuelt.

Tildelingskriteria

Nasjonalparkstyret har sett følgjande kriteria for godkjente produkt for Jotunheimen nasjonalpark:

- All bruk av merket skal skje i samsvar med sentrale retningslinjer for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Produktet skal ha opphav eller tilknytning til lokalt næringsliv
- Produkt kan vera opplevingar, tenester, forbruksvarer (mat/drikke) og lokalt produserte varer/produkt.
- Den som skal autoriserast til å bruke merket skal så langt som råd følgje Innovasjon Norges 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv: <https://business.visitnorway.com/no/barekraftig-reiseliv/10-prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/>

Kven godkjenner søknaden?

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner søknader om logo. Styret kan delegere myndigheit til godkjenning av nasjonalparkprodukt til Arbeidsutvalet eller til forvaltar der det gjennom søknadsbehandling i styret er etablert praksis for type bedrifter/produkt som fyller krava.

Kva betyr godkjenning av produkt?

Eit godkjent produkt kan nytte tilhørlogo til Jotunheimen nasjonalpark saman med eigen logo, i tråd med vedtekne retningslinjer for Norges Nasjonalparker og lokale vilkår fastsett av nasjonalparkstyret.

Godkjenning gjeld for ei avgrensa periode på inntil 3 år. Det kan søkast om forlenging.

Nasjonalparkstyret kan trekkje tilbake ei godkjenning dersom produktet ikke lengre innfrir kriteria, eller dersom godkjenninga blir misbrukt og ikkje følgjer reglane for bruk.

Spesielle omsyn

Ta kontakt dersom ein ønskjer å nytte råvarer fra nasjonalparken til produkt.

T.d. beitebruk i tråd med gjeldande rettar og avtaler er lov, men det er ikkje tillate å hente lausmasser som sand og stein eller bergartar/mineralar fra verneområdet.

Utforming av søknad

Søknad skal setjast fram på fastsett skjema, som kan lastast ned frå designmanualen.



Du må oppfylle ett av følgende kriterier for å være kvalifisert til å søke;

Jeg er en bedrift, organisasjon, gruppe eller person som:

- ☐ ligger i eller ved en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ tilbyr en tjeneste som skjer i en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ tilbyr et produkt som kommer fra en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark eller verneområde

Kryss ut riktig boks og fyll deretter ut og returner skjemaet. Husk signatur!

Om virksomheten

Navn på bedrift, organisasjon, gruppe eller person	
Virksomhetskategori (Sett en sirkel rundt ditt valg)	Person Bedrift Organisasjon Annet
Organisasjonsnummer	
Filial (hvis relevant)	
Virksomhetsadresse	
Type virksomhet	
Nettside	

Om søkeren (deg)

Navn på søker	
Tittel eller rolle	

Postadresse (hvis forskjellig fra virksomhetsadresse)	
Telefonnummer	
E-postadresse	

Hvilke(t) merke søker du om å bruke?:

Kommer fra

☐

Skjer i

☐

Ved

☐

Språk:

bokmål

☐

nynorsk

☐

engelsk

☐

nordsamisk

☐

sørsamisk

☐

annet
(spesifiser)

☐

Vennligst beskriv i tekst hvordan du har tenkt å bruke merket(e):

Ved å fullføre søknaden, og inngå avtale for å bruke en eller flere av de kommersielle merkene, forstår jeg og forplikter jeg meg til å overholde følgende vilkår:

Om det kommersielle merket

- det representerer kun en geografisk tilhørighet til en nasjonalpark/verneområde
- det er ikke et kvalitetsstempel
- det representerer ikke en godkjenning eller innebærer finansiering eller annen støtte fra forvaltningsmyndigheten

Hvem kan bruke logoene?

- En virksomhet eller organisasjon som opererer eller ligger i eller ved en nasjonalpark eller verneområde, tilbyr en tjeneste som skjer i nasjonalparken/verneområdet eller et produkt som kommer fra nasjonalparken/verneområdet.
- En virksomhet, organisasjon, gruppe eller individ som arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark/verneområde.
- Merket er varemerkebeskyttet og har rettsvern.
- Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade merkevaren Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot retningslinjer eller formål.
- Den som autoriseres til å bruke merket skal så langt som mulig etterleve Innovasjon Norges 10 prinsipper om bærekraftig reiseliv: <https://business.visitnorway.com/no/barekraftig-reiseliv/10-prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/>
- Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.
- Merket skal ikke endres i form, beskæres eller tillegges design eller egen tekst. Retningslinjer for å sikre riktig anvendelse blir gitt.
- Det kommersielle merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Søknaden signeres i to eksemplarer til hver av partene.

Virksomhetens navn:

.....

Navn med blokkbokstaver:

.....

Signatur:

Sted, dato:

Navn på styre/forvaltningsmyndighet:

.....

Signatur

Sted, dato

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2020/12479-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	19.11.2020
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	43/2020	30.11.2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Løyve til bruk av kommersielt merke Jotunheimen - Gjendeguiden

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer det slik at Gjendeguiden innfrir alle krav for å få kommersielt merke for nasjonalparken, i tråd med sentrale føringar og vedtekne retningslinjer for Jotunheimen. Grunngeving:

- Søknaden er framsett på standard søknadsskjema, der søker stadfestar med si underskrift at han vil rette seg etter dei sentrale krava som gjeld for bruk av tilhørlogo for *Norges nasjonalparker*.
- Bedrifta er lokalisert i kommune med areal innan nasjonalparken, og har forretningsadresse i Vågå.
- Gjendeguiden driv guiding og fjellføring i Jotunheimen nasjonalpark og i randssonen.
- Bedrifta er miljøsertifisert som Miljøfyrtårn.

Løyve til å nytte kommersielt merke for Jotunheimen nasjonalpark som tilhørlogo for Gjendeguiden blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ein periode på tre år; tom. 31.12.2023.
Det er mogleg å søke om forlenging.
- Løyvet omfattar følgjande typar logoar/bruk:
 - Lokalisert ved Jotunheimen nasjonalpark
 - Aktivitet skjer i Jotunheimen nasjonalpark
- Logoane kan brukast slik det går fram av retningslinjer presisert på søknadsskjema.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyvet til bruk trekkjast attende. I slike høve skal innehavar av merket varslast og få frist for korrigerings, før det eventuelt blir trekt inn.
- Gjendeguiden pliktar gjennom inngått avtale å halde seg orientert om spørsmål som gjeld nasjonalparken, og ev. delta på relevante orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad av 06.11.2020 frå Gjendeguiden v/ Ørjan Venås (Vedlegg)

Saksopplysningar

Gjendeguiden søker om bruk av tilhørlogo for Jotunheimen (nynorsk og engelsk) til følgjande formål:

Kategori lokalisering

Ved/Located in

VED:

BY THE:

**Jostedalsbreen
nasjonalpark****Kategori aktivitet**

Skjer i/Happening in

SKJER I:

HAPPENING IN:

**Jostedalsbreen
nasjonalpark**

Søknaden er basert på følgende:

- ✓ Bedrifta ligg i eller ved ein nasjonalpark eller verneområde
- ✓ Gjendeguiden tilbyr tjenester som skjer i Jotunheimen nasjonalpark
- ✓ Gjendeguiden arrangerer tidsavgrensa aktivitet i eller ved Jotunheimen nasjonalpark

Opplysningar i søknaden:

«Vi ser for oss å bruke merket på dei ulike aktivitetane vi har i eller rett ved Jotunheimen Nasjonalpark, for å vise endå tydelegare overfor gjestene våre at vi har lokal tilknytning til nasjonalparken.

Vi er ei lokal bedrift som er lokalisert i Vågå, og vi jobbar primært i og i tilknytting til Jotunheimen på alle våre aktiviteter. I mange av våre opplegg så samarbeider vi med overnattingsbedriftene i området, og vi prøvar å lage ein raud tråd gjennom å formidle historie, overnatting, lokalmat og aktivitet. Vi kjem til å nytte merket i presentasjonane av desse produkta, for å synleggjera den lokale tilknyttinga vi har til Jotunheimen.

Besseggenpatrulja er eit anna produkt som vi vil framheve, og dette er noko som er positivt for alle parter og då bør merket følgje med slik at folk blir oppmerksomme på dette.»

Vidare informasjon om aktiviteten går fram av nettsida: www.gjendeguiden.no

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Etter retningsliner for bruk av kommersielt merke knytt til merkevaren *Norges nasjonalparker* skal søknad behandlast av forvaltningsstyresmakta i det aktuelle verneområdet.

Retningsliner for bruk

Designmanual Norges Nasjonalparker

Retningsliner for bruk av kommersielt merke, Jotunheimen

Vurdering

Ordninga med kommersielt merke/tilhøyrlogoar er ikkje lansert for Jotunheimen nasjonalpark tidlegare, og det er i møte 30.11.20 lagt fram eiga sak for retningsliner knytt til lokal bruk. Gjendeguiden er eit Miljøsertifisert aktivitetselskap som driv fjellføring og aktivitetsguiding i og i randsonen til nasjonalparken. Utfylling og signering av standard søknadsskjema som ligg i designmanualen til merkevaren *Norges nasjonalparker* stadfestar at søkjar er kjent med ordninga og vil følgje dei vilkåra som gjeld for bruk av merket.

Ut frå opplysningar i søknaden, bedrifta sine nettsider og nasjonalparkforvaltars kjennskap til bedrifta så driv Gjendeguiden verksemd som er heilt i samsvar med kriteria for å få nytte kommersielt merke for Jotunheimen nasjonalpark.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2020/9992	Saksbehandlar:	Eldrid Nedrelo	Dato:	19.11.2020
------------------	-----------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	44/2020	30.11.2020

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2023 - Vetti Gard Turiststasjon

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter §3 pkt. 6.3 f) og g) i forskrift om Utladalen landskapsvernområde løyve til bruk av snøskuter til Vetti v/Ingjerd Høgseth Vetti for transport av varer, brensel, proviant, utstyr og material til Vetti og på til Vettismorki i Utladalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld inntil fem turar per år for transport av varer mm. etter Vettisvegen til Vetti gard, og inntil 20 turar til saman frå taubana til stølshus og hytter på Vettismorki og til turisthytta Ingjerdbu, samt for transport av ved på Vettismorki.
- Løyvet gjeld ikkje rein persontransport.
- Løyvet gjeld ikkje transport i samband med større bygge- og restaureringsarbeid. I slike tilfelle må det evt. søkjast om eige løyve.
- Løyvet gjeld ein tur Vettismorki-Fv.53 Årdal-Tyin t/r for service av skuter ein gong i fireårsperioden og evt. ein tur om det oppstår behov ved utskifting av skuter.
- Løyvet gjeld i perioden november – 20. april kvart år 2020, 2021, 2022, 2023.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og andre heilagdagdar.
- Løyvet gjeld for snøskuter med reg. nr. JR8670 (til Vetti) og reg. nr. JS2330 på Vettismorki.
- Omfanget av skuterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og i størst mogleg grad følgje ein fast trase.
- Under transporten skal det takast særleg omsyn til naturmiljøet, dyreliv og friluftsliv.
- Skutertransporten skal føregå på godt snødekt mark.
- Transportperiodar skal varslast til SNO v/Rigmor Solem på tlf/sms: 959 65 158 seinast dagen før køyring.
- Løyvet og køyreskjema skal takast med under transporten. Køyreskjema skal fyllast ut på førehand.
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport (køyreskjema) om gjennomført transport til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel innan 1. juni.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde. Løyve etter motorferdsellova må innhentast frå kommunen. (Forvaltar har vidaresendt søknaden om løyve til Årdal kommune).

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan tre veker etter at brevet er motteke.

Dokument i saka

- Søknad per e-post av 26.08.20 frå Vetti Gard Turistsajon v/Ingjerd H. Vetti .
- E-postar av 26.08.20 og 19.11.20 frå Ingjerd H. Vetti med utfyllande opplysningar til søknaden.

Søknaden

Vetti Gard Turiststasjon v/Ingjerd H. Vetti har sendt følgjande søknad om løyve til motorisert ferdsel innanfor Utladalen landskapsvernområde:

På vegne av Vetti Gard vil eg med dette søkje løyve til køyring med snøscooter i Utladalen landskapsvernområde for inneverande løyveperiode.

Føremål med scootertransport er køyring av ved til hyttene i Vettismorki, samt transport av varer og bagasje i Vettisgjeli og i Vettismorki.

Søknaden gjeld følgande scooterar

- **Lynx 5900 FC Reg.nr JR 8670**
Strekning: Hjelle-Vetti /Vetti-Hjelle
Antal turar: 15
- **Ski-Doo Reg.nr JS 2330**
Strekning: Taubane-Vettismorki (og retur), området rundt stølen på Vettismorki (vedtransport).
Antal turar: 25

Ved venleg helsing
Ingjerd Høgseth Vetti

I oppfylgjande e-post til søknaden vert det same dag opplyst om følgjande:
Det er vi (Vetti gard) som eig scooterane, men dei blir nytta av nokon av dei andre hytteeigarane og, til ved- og varetransport. Brukar går fram av loggen (som kjem så fort som mogeleg).
Mvh Ingjerd

I e-postutveksling den 19.11.20 opplyser søkjar om at søknaden om løyve er knytt til eigedomen til grunneigar av Vetti Gard og dei som leiger tomt hjå grunneigar.


Vetti Gard Turiststasjon er leigd ut til Erling Eggum (eigar av Klingenberg Hotel) i ein ti-års periode, med munnleg forlenging på fem år. Eggum driv turistverksemd på Vetti Gard i sommarmånadene frå medio juni til medio september. Det er såleis ikkje transportbehov knytt til turistverksemda i Vetti om vinteren. Grunneigar har behov for transport med snøskuter til Vetti vinterstid når vegen ikkje er framkommeleg med bil, hovudsakleg for transport av varer/materialar til Vettismorki.

Grunneigar har sjølv ansvar for vedlikehald av bygningane på Vetti Gard Turiststasjon i leigeperioden med Eggum.

Bakgrunn for søknaden

Søknaden gjeld fornying av løyve til å nytte snøskuter frå Hjelle til Vetti og på Vettismorki. Snøskuter vert nytta i samband med tilsyn med Vetti gard, transport av varer og utstyr til taubana, vidare transport frå taubana til stølsområdet på Vettismorki, og transport av ved i stølsområdet.

Vetti Gard Turiststasjon har hatt fleirårig løyve til denne transporten i fleire omgangar. Først gjeve av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og fornya av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, sist i 2016. Det siste løyvet er datert 25.10.2016 og inkluderte transport av materialar og utstyr til garden, stølar og hytter, inkludert proviant til turisthytta Ingjerdbu.



Kartutsnittet syner området der transporten vil føregå, frå Hjelle til Vetti, taubana og Vettismorki.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Utladalen landskapsvernområde, datert 14. november 2014.
- Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltingsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (Rettleiande utkast frå 2008).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter oppdaterte frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskapet, dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «- - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er

identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslie til høgfjell og artar knytte til desse.
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

I utgangspunktet er all motorferdsel forbode i landskapsvernområdet (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 6.2 og 6.3. Det er opna for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til *Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrer, jf. § 3 pkt. 6.3 bokstav f)*, og til *Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretingar, jf. § 3 pkt. 6.3 bokstav g)* i verneforskrifta.

Forvaltningsplan (rettleiande utkast frå 2008)

Av forvaltningsplanen kap. 8.15.5 er m.a. følgjande presisert:

Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

...

d) transportbehova skal samordnast.

e) permanente transportbehov i samband med drifta av turisthyttene, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil framleis kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.

f) for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis.


Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve.

i) landing med og transport av personar i verneområda er forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.

k) løyve i samband med utøving av jakt og til frakt av jakt- eller fiskeutbyte med fly, helikopter eller snøskuter vil normalt ikkje bli gjeve.

l) det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel innanfor vernesonene samanlikna med brukssonene.

Retningsline: Minst mogleg motorisert ferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet.



Bruken av snøskuter vil føregå innanfor brukssjone teig 11.

Utdrag av forvaltningsplanutkastet, omtale, kap. 6.3.2. Brukssone:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til transport av materialar, ved, varer og utstyr til Vetti Gard Turiststasjon og til hyttene og stølshusa på Vettismorki. Det vil ikkje oppstå mange tilsvarande saker, då det er eit avgrensa tal private hytter innanfor nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Vurdering

I Utladalen er Vetti eit av hovudbruka (utan fast busetnad) og har mange bygningar. Dei fleste bygningane er restaurert og godt vedlikehaldne og Vetti turiststasjon har vore drifta i mange år. Dei siste seks åra har turiststasjonen vore drifta av Klingenberg Hotell. Grunneigar har sjølv ansvar for vedlikehald av bygningane på Vetti Gard Turiststasjon i leigeperioden med Klingenberg Hotel. Dvs. at grunneigar har noko behov for transport knytt til vedlikehald av bygningane i barmarksperioden. Slik transport vert rekna som transport i samband med

næring, og krev ikkje eige løyve frå vernefoskrifta, jf. verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 bokstav g). Transport knytt til turistdrifta i sommarmånadene krev derimot eige løyve frå leigetakar.

Til garden ligg også stølsområdet Vettismorki. Her er fleire stølshus som er i privat bruk og Ingjerdbu som var open sjølvbeteningshytte fram til 2017. Ingjerdbu er no i privat bruk. Området vert brukt heile året. Turiststien opp Utladalen følgjer Vettisvegen til Vetti, og vidare opp til Vettismorki. Frå Vetti er det svært bratt opp til Vettismork. Her er det etablert ei elektrisk taubane for transport av varer.

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i verneområdet då dette kan ha negativ effekt på verneverdiane gjennom forstyrring, slitasje og støy. Etter verneforskrifta kan forvaltingsmyndigheita likevel gi løyve til naudsynt transport som ikkje kjem i strid med verneformålet. Motorferdsel i verneområda skal avgrensast til berre det mest naudsynte. I tråd med forvaltingsplan kan det gjevast løyve til å transportere m.a. varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og stølar, samt materialar og utstyr i samband med byggjeverksemd.

Av søknaden går det fram at transporten vil gå føre seg frå Hjelle – Vetti Gard Turiststasjon – Taubana - Vettismorki. Dette er utfartsområde i Utladalen frå Årdal, og det er viktig å unngå transport søndagar og heilagdagane som dei raude dagane i påska.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert gjennom ulike rapportar og lang forvaltingspraksis. Utladalen er frodig og på Vettismorki er det blant anna gamal furuskog og gadd. Det er elg i området, området har ein kjend hekkelokalitet for rovfugl og det er våtmarksfugl her (§ 8 i naturmangfaldlova). Bruk av snøskuter vil kunne vere uheldig i hekkeperioden for rovfugl og våtmarksfugl. Men føresett gjevne vilkår for eit løyve, vil avgrensa bruk av snøskuter for transport av proviant, materialar, ved, varer og utstyr isolert ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet.

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men noko er naudsynt. Aktivitet i Vetti og Vettismorki er med på å ta vare på bygningane og kulturlandskapet generelt, og det vil såleis indirekte vere positivt av omsyn til verneformålet. Ordninga med transport med taubane og snøskuter har vorte innarbeida over fleire år. Det er også vanleg å bruke snøskuter til å samle saman ved til alle stølshusa/hyttene på Vettismorki. Slik transport bør effektiviserast i størst mogleg grad slik at motorferdsla vert halden på eit så lågt nivå som mogleg. Søkjar har rapportert bruk av skuter regelmessig i samsvar med tidlegare løyve. Rapportane viser at det ikkje har blitt brukt så mange turar som løyva opnar for, men tal turar har variert mellom totalt 10 og 16 turar dei siste åra.

I tidlegare løyve er det skrive at reglane for Vettisvegen vedteke av Årdal kommune 17.11.1977 regulerer ferdslar på Vettisvegen og at dette opnar for næringstransport også med snøskuter. Dette er ikkje i samsvar med reglane i Motorferdselslova då veg som ikkje er brøytta vert rekna som utmark, og motorferdsel krev då særskilt løyve eller må vere omfatta av unntak. Det er difor ikkje generell opning for bruk av snøskuter inn til Vetti Gard etter verneforskrifta, og løyvet gjeld såleis bruk av snøskuter på snødekt mark inn til Vetti Gard frå Hjelle i samband med transport av proviant, materialar, ved, varer og utstyr til Vetti. Desse turane med snøskuter skal omfattast av den årlege rapporten.

Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg i verneområdet. Det er difor viktig at transporten vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg. Erfaringar med tidlegare løyve er gode og sekretariatet meiner at ein skal vidareføre dette. Det vert understreka at motorferdsel skal avgrensast, og at løyve ikkje gjeld rein persontransport, hverken på Vettisvegen eller på Vettismorki.

Mange bygningar gjer at ein må rekne med noko vedlikehald, men større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport knytt til dette.

For i størst mogleg grad å unngå forstyrring av dyrelivet skal transporten følgje ein fast trase frå taubana og inn på Vettismorki, ein tilrår då å følgje den T-merkte ruta til Vettismorki. Dette er eit føre-var-vilkår slik at ein i størst mogleg grad hindrar mogleg negativ påverknad på fugl og evt. anna vilt i området (naturmangfaldlova § 9).

Nasjonalparkforvaltaren meiner ordninga med transport til Vetti og Vettismorki er nødvendig for å oppretthalde bruken, og innstiller på å vidareføra løyvet, men med noko redusert tal turar sett i høve rapportert behov siste løyveperioden. Motorferdsel i verneområde skal haldast på eit minimum. Under føresetnad av at transporten vert godt planlagt og dermed gjennomført med færrast mogleg turar, vert den samla belastninga av motorferdsel i området vurdert som akseptabel og transportmetodane fornuftige (naturmangfaldlova §§ 10 og 12). Særskilde transportbehov knytt til restaureringsprosjekt og jakt vil bli behandla ved behov. §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.

ST 45/2020 Eventuelt